



SYNFARING NORDGULEN, BREMANGER KOMMUNE 13.06.2013 REFERAT – (FØREBELS VERSJON)

DELTAKARAR

Gunn Helen Henne, Fylkesmannen miljøvernavdelinga (GHH)
Bjørn Henry Marthinussen, Bremanger kommune (BHM)
Bjørgulf Myklebust, varamedlem i Nordfjord Vassområdeutval (BM)
Jarle Hauge, Bremanger kommune (JH)
Jos Luth, , Bremanger Quarry (JL)
Micheil Peters , Bremanger Quarry (MP)
Sverre Geir Hellebust, Bremanger Quarry (SGH)
Leo Cirotzki, Elkem Bremanger (LC)
Evy Dombestein, Elkem Bremanger (ED)
Inge Vassbotn, Steinvik fiskefarm (IV)
Thorleif Jakobsen, Naturverforbundet Sogn og Fjordane (TL)
Lars Olav Rylandsholm, Forum for Natur og Friluftsliv S&F (LOR)
Staffan Hjøhlman, prosjektleiar Vassområde Nordfjord (SHj)

BILDER FRÅ SYNFARINGA

Bilder er lagt ut på vannportalen.no/nordfjord, Det er markert med [Foto] i teksten der det føreligg bilder.

Svelgsentrum, kommunale avløp

kl 8.30 – 9.45. Frammøtte: BHM, BM, TJ, SH. JH var med i deler av synfaringa.

Utløpet til Svelgselva, avløpsrør i underkant av steinmur [Foto]. Rester av toalettpapir m.m. var synleg og lys avsetning på botn. BM opplyste at det til tider er mykje synlege restar også inne i småbåthamna like søvest for elveutløpet.

Utslepp via kulvert like aust for Naustneset, ved idrettsplass [Foto]. Restar av tamponggar m.m. synlege på botn utanfor utsleppet. (Sjå tiltak under Bremanger kommune, nedanfor)

Langeneset, nausttrekkjene på austre sida [Foto]. 2-3 avløp. Lys farge på botnen utanfor, muleg bakteriebelegg.

Riseelva. Avløp frå bustadar på Kvelve [Foto]. (Sjå tiltak under Bremanger kommune, nedanfor)

Bremanger Quarry, Dyrstad

Frammøtte: GHH, BHM, JH, JL, MP, SGH, LC, ED, IV, TL, LOR og SH. [Foto]

Fylkesmannen ved Gun Helen Henne innleia synfaringa med ei oppsummering av tilstand og påverknader på Nordgulen: Moderat miljøtilstand, hovudsakeleg basert på botndyrundersøkingar utført av Elkem Bremanger.

Bremanger Quarry ved Micheil Peters orienterte om verksemd og miljøtiltak. Største miljøutfordring er utslepp av støv og slam. Tiltak mot dette er m.a. sedimentasjonsbasseng. Ved enkeltepisodar med stor nedbør kan slam ver synleg i sjøen (nokre ganger i året).

Førebyggjande tiltak mot akutte utslepp av hydraulikkolje: god vedlikehald av maskinar, bruk av bioolje, beredskap med absorpsjonsmiddel. Har ikkje hatt oljeutslepp.

Nytt tiltak: Selskapet vil i 2013 utføre miljøgransking av sjøen etter pålegg frå Fylkesmannen.



Vassområde Nordfjord

Svelgen sentrum – kommunekaia og kafé Bakaren.

Frammøtte: GHH, BHM, JH, JL, LC, ED, IV, TL, LOR, BM og SH.

Elkem Bremanger [Foto]

Elkem Bremanger ved Leo Cirozki orienterte om verksemda, utslepp, deponi, tiltak og overvaking. Utsleppa er i fyrste rekkje kontrollerte utslepp av silisium, jarn og aluminium på 45 m djupne, men det er urensa kloakkutslepp under flomål og diffus utvasking av støv med overflateavrenning. Prosessene i verksemda har ført til temperaturake på 1grad C i Vågen. Eventuelle utslepp frå skip (ballastvatn og kloakk) er ikkje Elkem sitt ansvar.

Miljøovervaking er utført sidan 1984 (botndyr, strandsone, metall og oksygen). Overvakinga har synt at Vågen innanfor Naustneset / Sandsneset er sterkt påverka, indre basseng (innafor terskel ved Eikeland) er betydeleg betre og yte basseng (innafor Hessvika) er upåverka. Elkem inviterer til samarbeid med andre aktørar om overvaking. SH orienterte om Vassområde Nordfjord sine planar om overvaking i Nordgulen.

Det vart bemerkta at situasjonen har betra seg i strandsona i høve utslepp frå Elkem. Det var tidlegare eit svart/brunt belegg i strandsona, som no er vekke.

Tiltak:

Ny utsleppsløyve er gitt av Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) 16.4.2013, med krav om fleire tiltak.

Elkem har planar om å knytte seg til kommunalt avløpsanlegg for sanitæravløp. Dette må avklarast nærare med kommunen. Ansvar: Elkem Bremanger.

Elkem føreslår å skilje ut Vågen some eigen vassførekomst. Ansvar for vurdere framlegget og evt gjere endring i Vann-nett.no: Fylkesmannen.

Bremanger kommune [Foto]

Terje Hauge orienterte om noverande opplegg for avløp, og planar for sanering. Stor slamavskiljar dimensjonert for heile Svelgen sentrum er etablert aust for Naustneset, med utslepp på djupt vatn. Berre deler av sentrum er førebels tilknytt. Pumpeledning er lagt frå Kommunekaia. Sandefeltet har nye anlegg med utslepp på djupt vatn. Langeneset vest har utslepp på djupt vatn (30 m), og her er planar om slamavskiljar. Urensa utslepp under flomål finst i utløpet til Svelgselva, i Riseelva, via kulvert aust for Naustneset, ved naustrekkja aust på Langeneset og ved molo i Breivika.

Tiltak: Kommunen har utfordringar med å skilje overvatn frå avløpsvatn, før dette kan leiast inn på slamavskiljar og djupvassledning. Sanering av avløpet via kulvert ved idrettsplass aust for Naustneset skal samordnast med bygging av nytt sjukeheim som er planlagt i området. Sanering langs Riseelva i løpet av 2013, med påkopling via pumpeledning til slamavskiljar ved Naustneset. På sikt skal heile Svelgen sentrum inn på slamavskiljar og djupvassutslepp. Ansvar: Bremanger kommune.

Steinvik Fiskefarm

IV orienterte om planar for eit tidlegare settefiskanlegg som Steinvik Fiskefarm har teke over. Oppdrett av leppefisk og rognkjeks til biologisk avlusing, settefisk, samt anlegg for påvekst av ungfisk. Har fått konsesjon for vassuttak frå Risevatnet. Utsleppsløyve er ikkje klart. For produksjonen er Steinvik Fiskefarm avhengig av god kvalitet av sjøvatn i Nordgulen.

20.06.2013

Staffan Hjohlman

Ref.

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr.:	E post:
Gloppen kommune	57 88 38 00	57 88 38 01	964 969 124	post@gloppen.kommune.no
Grandane 9	90 40 26 61			
6823 Sandane				